

Søknad om å bli verje eller representant for einsleg mindreårig asylsøklar

Kven kan bli verje?

Kven som kan bli verje, følgjer av lov av 26. mars 2010 nr. 9 om vergemål (verjemålslova) § 28. For å bli verje må du vere eigna, dvs. kvalifisert og skikka for det aktuelle verjeoppdraget. Du må i tillegg vere over 18 år, ha ordna økonomi og ikkje ha motstridande interesser med den du skal vere verje for. Dersom du sjølv har verje, kan du ikkje vere verje for andre.

Det er statsforvaltaren som vurderer konkret om du tilfredsstillir krava til å bli verje. Det blir gjort ein kredittsjekk av deg, og du må sjølv, på oppmoding frå statsforvaltaren, hente inn og leggje fram politiattest (gjeld ikkje nærstående), jf. verjemålslova § 28 andre ledd og forskrift til vergemålsloven av 15. februar 2013 nr. 201 (verjemålsforskrifta) § 15. I politiattesten skal det merkjast av for om du er sikta, tiltalt, har vedtatt førelegg eller er dømd for å ha brote straffelova §§ 255 til 258 og § 261 om underslag og tjuveri m.m., §§ 266 til 267 om utpressing og ran, §§ 270 til 272, § 274 og §§ 275 til 278 om bedrageri, utruskap og korrupsjon, §§ 281 til 287 om brotsverk i gjeldsforhold, §§ 317 og 318 om heleri og kvitvasking, §§ 391 a, § 404 om tiltrudde midlar og § 405 a om misferder mot formuesrettar. I tillegg skal straffesaksjonerte brot på lov 17. juli 1998 om årsrekneskap m.m. merkjast av. Attesten skal og innehalde eventuelle brot på straffebod omfatta av barneomsorgsattesten etter politiregisterlova § 39 første ledd – straffelova § 162 om narkotikabrotsverk, §§ 192-197, 199, 200 anna ledd, 201 første ledd bokstav c, 201a, 203 og 204a om seksualbrottsverk, §§ 231 og 233 om valdsbrottsverk, og § 268, jf. 267 om ran.

Som verje vil du ha krav på godtgjering (for nærstående gjeld dette berre dersom det ligg føre særlege grunnar) og dekning av nødvendige utlegg i samband med oppdraget, jf. verjemålslova § 30.

Statsforvaltaren skal tilby nødvendig opplæring, rettleiing og bistand til verjer i sitt distrikt, jf. verjemålslova § 6 andre ledd. Ønskjer du nærare informasjon, kan du derfor ta kontakt med statsforvaltaren i det fylket der du ønskjer å få oppdrag.

Meir informasjon om verjeordninga kan du finne på www.vergemal.no.

Kven kan bli representant for einslege mindreårige asylsøkjjarar?

Kven som kan bli representant for einslege mindreårige asylsøkjjarar, følgjer av lov av 15. mai 2008 nr. 35 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingslova) § 98 c. For å bli representant må du vere eigna, dvs. kvalifisert og skikka til å ta hand om interessene for den mindreårige på best mogleg måte. Du må ha gode kunnskapar om det norske samfunnet og det norske språket, og du må kunne orientere deg i det offentlege systemet. Ektefelle eller sambuar til den mindreårige kan ikkje vere representant.

Det er statsforvaltaren som vurderer konkret om du tilfredsstillir krava til å bli representant. I samband med dette må du sjølv, på oppmoding frå statsforvaltaren, hente inn og leggje fram politiattest, jf. utlendingslova § 98 c andre ledd. I attesten skal det merkjast av for om personen er sikta, tiltalt, har vedtatt førelegg eller er dømd for brot mot dei straffeboda som følgjer av barneomsorgsattesten, jf. politiregisterlova § 39 første ledd (sjå over). Meir om politiattesten finn du i politiregisterlova § 41 nr. 1. Opplysningane frå politiattesten går inn i vurderinga av om du er eigna.

Som representant har du krav på godtgjering, og dekning av nødvendige utgifter i samband med oppdraget, jf. utlendingslova § 98 f.

Statsforvaltaren skal tilby nødvendig opplæring, rettleiing og bistand til representantar i distriktet sitt, jf. utlendingslova § 98 b. Ønskjer du nærare informasjon, kan du derfor ta kontakt med statsforvaltaren i det fylket der du ønskjer å få oppdrag.

Meir informasjon om representantordninga kan du finne på www.vergemal.no.

1 Opplysningar om søkjar

Fornamn:		Fødselsnummer:	
Mellomnamn:			
Etternamn:			
Folkeregistrert adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Eventuelt noverande/anna adresse:			
Postnummer:		Poststad:	
Telefon:	Mobil:	E-post:	
Sivilstand:			
<input type="checkbox"/> gift <input type="checkbox"/> ugift <input type="checkbox"/> sambuar <input type="checkbox"/> separert <input type="checkbox"/> skild <input type="checkbox"/> enke/enkemann <input type="checkbox"/> registrert partnar <input type="checkbox"/> separert partnar <input type="checkbox"/> skild partnar <input type="checkbox"/> attlevande partnar			
Statsborgarskap:			

2 Utdanning og arbeidserfaring

Eg er for tida:

 yrkesaktiv under utdanning anna (spesifiser nedanfor)

Utdanning:

Noverande stilling:

Noverande arbeidsgivar:

Tidlegare arbeidsgivarar:

Anna:

3 Kva type oppdrag ønskjer du?

- Eg ønskjer å vere verje for vaksne.
- Eg ønskjer å vere verje for mindreårige.
- Eg ønskjer å vere representant for einslege, mindreårige asylsøklarar.

Her er fleire kryss mogleg.

Kan du tenkje deg meir enn eitt oppdrag?

 Ja Nei

4 Kvikor ønskjer du å bli verje eller representant?

Her fører du opp ei grunngiving for kvifor du ønskjer oppdrag som verje og/eller representant.

5 Underskrift

Dato:

Stad:

Underskrift frå den som ønskjer oppdrag: